

## HØYRINGSINNSPEL

<b>Sak</b>	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: <a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> Innsending etter 01.01.17: <a href="mailto:post@hvl.no">post@hvl.no</a>
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda.  Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
<b>Kapittel 4</b>	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane.  Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1? b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
<b>Kapittel 5</b>	Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leing og fagleg organisering)
	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

<b>Kapittel 6</b>	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
<b>Ansvarlig</b>	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
<b>Utsending</b>	Programsekretariatet

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyrings- instans (svarar)	Avdeling for lærarutdanning og idrett ved nærregion Sogn og Fjordane
Ev. prosess bak høyrings- innspelet	Innspelet er basert på grundige samtalar og fleire møte i avdelinga
<b>Innspel</b>  Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 4</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><i>Kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane. Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?</i></p> <p>Avdeling for lærarutdanning og idrett meiner det er svært viktig at det er like stor nærleik mellom fagtilsette/faggrupper og administrasjon som i dag. Det må òg vere stadvis/nærregional administrasjon av alle studenttenester</p> <p>Oppgåvene som står spesifisert under fakultet må vere på alle studiestadane som tilbyr studia.</p> <p>Grunngjeving; Skal administrasjon vere ei støtte for faglærarar og studentar, må dei vere nær dei som skal støttast. Slik vi ser det, er dette eit spørsmål om kva vi definerer som administrativ kvalitet. Er det kvalitet i forvaltninga åleine som er administrativ kvalitet eller er det å vere nær studenten og dei fagtilsette, å vere ein støtte for dei – også ein administrativ kvalitet? Å jobbe i fakultet gjer at den einskilde administrative tilsette har ein mykje større breiddekunnskap. Breiddekunnskap er også ein spisskompetanse. Det at det er adm.tilsette som kan meir enn ei arbeidsoppgåve, som kjenner heilheiten og som kjenner faget, kan i større grad vere til hjelp både for studentar og fagtilsette. Vi treng ein fellesadministrasjon som har spisskompetanse på forvaltning og ein avdelingsadministrasjon som kan gi støtte til studentar og fagtilsette, samtidig som dei føl eit tydeleg felles rammeverk, med gode strukturar og kvalitetssikring av saksgangen.</p>

	<p><i>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom</i></p> <p><i>a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?</i></p> <p><i>b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?</i></p> <p>Avdeling for lærarutdanning og idrett går for modell 2.</p> <p>Vi ynskjer ei einskapleg leiing. Modell 2 tek dette i vare best muleg, med økonomi, HR, internasjonalisering og ekstern finansiert verksemd på fakultetsnivå, noko som gjer tenestene lettare tilgjengeleg også for nivå 3.</p> <p>Ein dekan på eit fakultet som har ulike resultatkrav må rå over eigne personalressursar og eigen økonomi!</p> <p>Internasjonalisering i forskning og utdanning; planlegging og drift av student- og tilsetteutveksling bør vere på fakultetsnivå, men også her bør vi ha spisskompetanse i fellesadministrasjon.</p> <p>Likeeins gjeld dette for planlegging og drift av ekstern finansiert verksemd. Spisskompetanse og det å jobba utoverretta må vere i fellesadministrasjon, medan planlegging og drift må skje på fakultetsnivå.</p> <p><i>Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?</i></p> <p>Det må etablerast administrative område på instituttnivå som tek i vare alle campus.</p> <p>I tillegg burde det ha vore meir IT- kompetanse på fakultetsnivå. IT-drift er gode på drift, men det bør vere er kompetanse i dei ulike <i>programma</i> som vert kravd i administrativt og undervisningssamanheng. Ulike fakultet må halde seg oppdatert og henge med i ulike IKT program. Vi bør ha fleire som kan dei ulike programma og gjer terskelen for å bruke programma låg.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov</p> <p><i>Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre?</i></p> <p>Slagordet «tett på» tilseier at vi bør ha ein sterkt fakultetsadministrasjon, modell 2. Dekanen på eit fakulteta må rå over personalressursane sine og økonomien dersom vedkommande skal ha resultatansvar.</p> <p><i>Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?</i></p> <p>Her går vi også for modell 2.</p>

	<p>For kva er likebehandling? Er det å behandle alle likt likebehandling? Viktigast er tilpassing til dei ulike institutt/studie med utgangspunkt i eit felles tydeleg rammeverk og med gode strukturar, med skriftlegheit, forutsigbarheit og kvalitetssikring av saksgang</p> <p>Det er forskjell på å undervise 150 studentar i pedagogikk i eit auditorium og undervise 30 studentar om skredfare på Jostedalsbreen. Det å ikkje ha kunnskap om desse ulike arbeidsforholda i planlegginga av arbeidsplanar mm, gjer at vi ikkje får likebehandling, men heller skeivfordeling av arbeidsmengd for dei tilsette.</p> <p>Dei som jobbar på same fakultet og med same arbeidsoppgåver bør behandlast likt, det kan løysast ved at dei som arbeidar administrativt på tvers av geografi, men på same fakultet, jobbar tett saman.</p>
<b>Kap 6</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p><i>Vi ber høringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</i></p> <p>Kva konsekvensar får det for dei administrativt tilsette når dei no går frå å arbeide i eit breitt fagfelt til å arbeide i eit smalt fagfelt.</p> <p>Det at den administrativt tilsette no kan blir spesialisert til å utføre nokre få oppgåver, bør utgreiast meir. Det er eit HMS spørsmål. Og sitje med dei same oppgåvene dag ut og dag inn er ikkje noko som vi ser positivt på.</p> <p>Og kva konsekvensar får det for høgskulen om ingen har breiddekunnskap lenger – som klarar å sjå heilheiten – som ser koplingane til fag. Det at vi får fleire med spisskompetanse i dei ulike administrative oppgåvene kan vere vel og bra, men kven gjer det i mellom?</p>
Andre merknader	

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

--	--